


Til foreldre og føresette til elevar på 10.trinn: Informasjon om innsøkinga til vidaregåande skule

Gjennom skuleåret	- Faget utdanningsval 1 time i veka på 10. trinn med rådgjevar. Fokus på vidaregåande skule, utdanningssystemet, yrke/arbeidsliv og sjølve søknaden. - Opne dagar på ulike vidaregåande skular. Elevane kan få ein dag fri frå skulen for å delta på denne type dagar. Må ha melding frå heimen. - Ulike arrangement som kan vere av interesse: Informasjon blir lagt ut på Teams til elevane.
Hausten	- Alle elevar får tilbod om gruppesamtale og/eller individuell samtale med rådgjevar. - Føresette kan også ta kontakt for samtale ved behov.
November	- Utprøving på vidaregåande skule i november. - Yrkes- og utdanningsmesse i Nordhordlandshallen onsdag 19. november. Obligatorisk for alle elevar på 10.trinn. Oppmodar alle føresette til å vere med. Foreldremøte med tema vidaregåande opplæring onsdag 12/11. Innkalling kjem når det nærmar seg.
1.februar	Søknadsfrist for elevar som søker om inntak på grunnlag av fortrinnsrett eller individuell behandling og elevar som har vedtak om særskilt språkopplæring.
1.mars	Ordinær søknadsfrist. Frist for eigen søknad til TAF.
April-mai-juni	Opptaksprøver og TAF-intervju. Opptak til private skular. Overføringsmøter.

- Elevane skal velje 3 av i alt 15 ulike utdanningsprogram.
- Dei kan søke fleire skular på kvart program.
- Elevane har krav på plass på vidaregåande skule.
- Ein søker i vigo.no med minID (bestillast og kjem i posten) eller bankID.

Utdanningsprogrammene



Som foreldre/føresette har de ei viktig rolle som støttespelar for dykkar ungdom. Under er 5 gode råd for korleis ein kan vere ei god støtte i prosessen fram mot søknad til vidaregåande opplæring. Desse er henta frå www.utdanning.no:

1. **Sett deg inn i utdanningssystemet**
2. **Kjenn til kva val barnet ditt skal ta og dei ulike alternativa**
3. **Still spørsmål i staden for å gje råd og svar**
4. **Benytt deg av rettleiingstilboda og oppsøk informasjon saman**
5. **Sett av tid og start tidleg med utforsking og vurdering**



Nyttige nettsider:

www.you-portalen.no – eleven loggar inn med Feide

www.utdanning.no – informasjon om yrke, utdanningsvegar, skular m.m.

www.vilbli.no – informasjon om vidaregåande opplæring.

www.vigo.no – her søker eleven på vidaregåande skule og svarar på tilbod.

www.vlfk.no – Vestland fylkeskommune har oppdatert og relevant informasjon om vidaregåande opplæring i fylket.

Kven og kva bestemmer kva du skal velje på vidaregåande skule:

1. ***Interesser*** - om du interesserer deg for noko er det både kjekkare og lettare å få motivasjon til å lære.
2. ***Eigenskapar og ferdigheiter*** - kva er du god til? (ikkje berre fagleg)
3. ***Informasjon*** – skaff deg så mykje informasjon du kan.
4. ***Stad og reiseveg*** – dette er eit viktig omsyn å ta.
5. ***Sjølvstendig val!*** Til sjuande og sist er det ungdommen sjølv som må ta valet.



Lykke til med 10.trinn!
Ta gjerne kontakt om det skulle vere noko (kontaktinfo i topptekst).

Mvh Kathrin Enstad Drakos

